

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 11.06.2020
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden/Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
19.06.2020

STYRESAK:
044/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orienteringa til vitende

Oppsummering

Vidare utgreiing av alternativ 3 går for fullt med samhandlingsprosess med Veidekke og tilhøyrande gruppering av underentreprenørar, arkitekt og rådgjevarar. Det blir jobba både med Livabygget og Svanabygget, slik at vi kan skaffe oss meir kunnskap om heilskapen i prosjektet. Prosjektet vil, etter som arbeidet går framover, bli gradvis tryggare både med tanke på tekniske løysingar og pris.

I slutten av juni vil ein førebels kalkyle vere klar, og rundt første september vil vi ha ein oppdatert heilskapskalkyle.

Sak om val av alternativ kan derfor ikkje leggast fram før i styremøte i slutten av september 2020.

Fakta

I styresak 17/2020 den 26. mars vart planar om endra løysing for Livabygget lagt fram for styret og det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. Styret gjev administrerande direktør løyve til å arbeidet vidare med løysingar som optimaliserer Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus, med atterhald om at eigar kan godkjenne vidare arbeid med Alternativ 3.*
- 2. Styret ber administrerande direktør utarbeide planar for reduksjon av prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.*
- 3. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ein forenkla KSK(Ekstern kvalitetssikring av konseptval) for Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.*
- 4. Kostnadsmål for alle delprosjekta i Nye Førde sjukehus er 1 803 millionar i 2020 kroner.*
- 5. Kontrakt for bygging av Livabygget skal leggast fram for styret til endeleg godkjenning.*

Helse Førde har motteke brev frå advokaten til Åsen & Øvrelid AS med to påstandar:

- Endring av Livabygget frå tre til åtte etasjar er ei så stor endring at det ikkje kan gjennomførast utan ny konkurranse
- Veidekke har endra sin organisasjon i høve til den organisasjonen som dei vann konkurransen med

Kommentarar

Vår rådgjevar Arntzen De Besche (AdB) har gjennomført ei juridisk utgreiing som konkluderer med at vår plan med endring av Livabygget frå tre til åtte etasjer kan gjennomførast utan ny konkurranse.

Det er under arbeid to uavhengige juridiske vurderingar. Advokatfirma Haavind AS og SANDS AS er engasjert for å gjennomføre desse.

Det er venta at resultata frå dei uavhengige vurderingane vil vere ferdige slik at administrerande direktør kan orientere om desse i styremøtet 19. juni.